

**Fra:** "Jan Øvregård" <janovregard@hotmail.com>  
**Sendt:** fredag 30. august 2024 21.41.29  
**Til:** "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>  
**Emne:** Vs: Høringsuttale

Eg er kraftig i mot prosjektet. Med så mykje øydelagd natur som det er i Røldalsområdet, må me sleppa fleire inngrep. Ei steinfylling på 100 mål er betydeleg. Det vil for alltid vere ei synleg steinfylling mot vatnet p.g.a. bølgene. Erosjonen rundt heile vatnet vil bli stor og følgeleg svært skjemmande.

Eg bur 40 meter frå Røldalsvatnet når vannstanden er på topp. Kalde vinterdagar vil bli ufyselege p.g.a. frostrøyk. «Ei betring for villreinen», står det. Korleis, tenkjer eg. Med ei heving på 4 meter eller senking på 4 meter av Votna per døgn, vil dette gå katastrofalt utover villreintrekket. Reinsvadet på Votna er trekkområdet for villrein om vinteren, dette vil då opphøyra. Både isen på Valldalsvatnet og Votna vil bli ubrukelege.

Det er observert myrsangar i steinfyllingsområdet i Røldal i sommar. Dette er ein svært sjeldan fugl.

Kvifor ikkje konsekvensutredning?

Korleis kan Lyse kraft tilby røldølingane båtopptrekk i eit område som er forbudt og stansa?

Båtopptrekket bør flyttast til andre sida av utløpet på Kanalen.

Eg stolar ikkje på framstillinga til Lyse kraft.

Jan Øvregård